


# Analyse særleg farlege skuleveggar



**Oppdragsgjevar:** Lindås kommune  
**Oppdragsgjevares kontaktperson:** Rune Kilen  
**Rådsgjevar:** Norconsult AS, Valkendorfs gate 6, NO-5012 Bergen  
**Oppdragsleiar:** Ingvild Hernes Lunde  
**Fagansvarleg:** Daria Romanowska  
**Andre nøkkelpersonar:** Irene Nærbø Wilhelmsen og Arne Kvamme, Lindås kommune.  
 Ingunn Maria Thorbergdottir, Norconsult.

3	2016-10-07	Endeleg rapport	IHe	DaRom	IHe
2	2016-09-05	Endeleg rapport	IHe	DaRom	IHe
1	2016-06-27	Rapport til gjennomgang hjå oppdragsgivar	IHe	DaRom	IHe
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier

## Føreord

Lindås kommune skal utarbeide analyserapport for særleg farlege skuleveg i Lindås kommune. Bakgrunnen for prosjektet er eit konkret behov frå Oppvekst om mellom anna ei betre oversikt over og analyse av trafikksituasjonen på skulevegane som ligg innafor 4 km frå skulane. Dette for å kunne gjere ei best mogleg og objektiv vurdering i samband med handsaming av søknadar om fri skuleskys.

### Hovudmål:

Definere vegstrekningar i Lindås kommune som fell inn under kriteria for særleg farleg skuleveg.

### Resultatmål (Kva skal prosjektet levere?)

Ei konkret analyse av vegstrekningar i Lindås kommune som blir definert som særleg farleg skuleveg – (Analysa gjeld for vegstrekningar innafor ein radius på 4 km rundt kvar grunnskule)

Analysa gjeld for følgjande skular: Lindås U, Lindås B, Myking, Skodvin M, Seim, Alversund, Knarvik B, Knarvik U, Nordhordland Kristne, Leiknes, Eikanger, Ostereidet B, Ostereidet U, Kløvheim. I tillegg elevar som bur på Hope og går på Kaland B. Elevar som går på Danielsen ungdomsskule på Frekhaug, kjem alle utanfor grensa på 4 km.

Det er også laga eit forslag til ein tiltaksplan for å redusere omfang av særleg trafikkfarleg skuleveg.

Rettleiar «Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg» frå Trygg Trafikk har vore rettesnor i arbeidet.

Norconsult har vore rådgjevar og har hatt sekretærrolla i prosjektgruppa. Prosjektgruppa har bestått av:

Rune Kilen, Lindås kommune, Teknisk drift Vegavdelinga  
Irene Nærbø Wilhelmsen, Lindås kommune, Teknisk drift Vegavdelinga  
Arne Kvamme, Lindås kommune, Skuleavdelinga  
Ingvild Hernes Lunde, Norconsult

I tillegg har Daria Romanowska og Ingunn Maria Thorbergsdottir deltatt i prosjektet frå Norconsult.

Norconsult har hatt ansvar for å utforme rapporten.

## Samandrag

Lindås kommune skal utarbeide analyserapport for særleg farlege skuleveg i Lindås kommune. Det er mange av vegane i kommunen som er farlege skuleveg. Denne analysen rettar seg mot strekningar som er særleg farlege eller vanskelege. Analyserapporten skal vere eit hjelpemiddel i vurderinga av fri skuleskyss på grunnlag av særleg farlege eller vanskelege skuleveg. Analyserapporten gjeld for følgjande skular: Lindås U, Lindås B, Myking, Skodvin M, Seim, Alversund, Knarvik B, Knarvik U, Nordhordland Kristne, Leiknes, Eikanger, Ostereidet B, Ostereidet U, Kløvheim. I tillegg elevar som bur på Hope og går på Kaland B. Elevar som går på Danielsen ungdomsskule på Frekhaug, kjem alle utanfor grensa på 4 km.

Strekningar/ punkt som er vurdert som særleg farleg/ vanskeleg i rapporten, er vurdert for alle grunnskuleelvar innanfor 4 km grensa. Ulike føresetnader samt alder på elevane vil kunne bety at det er fleire strekningar/ punkt enn det som er vist i rapporten som kan vurderast som særleg farleg / vanskeleg skuleveg for ein skild elevar. Om ein veg er særleg farleg eller vanskeleg, heng nøye saman med forutsetjingar og modning hjå det ein skilde born. Det som er særleg farleg for ein 6-åring er ikkje nødvendigvis like farleg for 10-åringen eller 15-åringen. Trafikkferdigheitane er heilt avhengig av relevant trening og opplæring. Det er også store individuelle skilnader mellom born på same aldersnivå.

Resultatet som er vist i rapporten er basert på fleire kriteria, blant anna:

- Om det er fortau på strekninga
- Kva fartsgrensa er
- Kva trafikkmengda (ÅDT) er
- Vegbreidd. Om denne er over eller under 4 meter
- Om det lys

Det er også vurdert breidde på skulder, sikt og sikthindringar, type og tal på vegkryss, inn- og utkøyringar, kryssing av veg, om det er gangfelt og vegtilhøve om vinteren. Resultatet som er presentert i rapporten er basert på dagens vegtilstand. I tabellen under er vist delar av strekningar som er vurdert som særleg/ farleg skuleveg i Lindås kommune, fordelt på skulekrins.

Skulekrins	Vegnamn og nummer
Skular i Lindås Vest	Del av Fv. 565 Radøyvegen
	Del av Fv. 404 Skarsvegen
Leknes	Del av Fv. 391 Leknesvegen
	Del av E39 ved Munndal
	Del av Kv 1218 Hjelmås - Sauvågen
Eikanger	Del av Kv 1110 Fyllingsnesvegen
	Punkt på Kv 1110 Fyllingsnesvegen nord
	Del av E39 Osterfjordvegen
	Del av Fv. 393 Eidsnesvegen ved Eidsnesstraumen
Seim skule	Del av Fv. 402 Lurevegen
	Del av Fv. 401 Seimstranda
	Fv. 390 Vassbygdvegen
Kløvheim skule	Del av Fv 397 Mykingvegen
	Punkt Kv 92
	Del av Kv 1169 Reikeråsvegen
Myking skule	Del av Fv. 397 Mykingvegen (nord)
	Del av Fv. 397 Mykingvegen (sør)
	Del av Fv. 399 Skauvegen
Skodvin montessorriskule	Delar av Fv. 57
	Del av Fv.390 Vassbygdvegen
Lindås barneskule og Lindås ungdomsskule	Del av Fv. 415 Veråsvegen
	Del av Fv. 57 Mongstadvegen

# Innhald

<b>Føreord</b>	<b>3</b>
<b>1 Innleiing</b>	<b>7</b>
<b>2 Metode og analyse</b>	<b>8</b>
2.1 GIS-analysar	8
2.2 360 foto	10
2.3 Innspel til trafikksikringsplanen	10
<b>3 Særleg farlege skuleveggar</b>	<b>11</b>
3.1 Skular i Lindås vest – Knarvik barneskule, Knarvik ungdomsskule, Alversund skule og Nordhordland Kristelege grunnskule	11
3.1.1 Fv. 565 Radøyvegen	12
3.1.2 Fv. 404 Skarsvegen	12
3.2 Leknes skule	14
3.2.1 Fv. 391 Leknesvegen	15
3.2.2 E39 ved Munndal	16
3.2.3 Kv 1218 Sauvågen – Hjelmås	17
3.3 Eikanger skule	19
3.3.1 Kv 1110 Fyllingsnesvegen	20
3.3.2 Punkt på Kv 1110 Fyllingsnesvegen nord	21
3.3.3 E39 Osterfjordvegen	23
3.3.4 Fv. 393 Eidsnesvegen ved Eidsnesstraumen	23
3.4 Ostereidet skular	25
3.4.1 Fv. 393 Eidavegen	26
3.4.2 Kv 1098 Eidavegen	26
3.4.3 Fv. 394 Stranda	28
3.5 Seim skule	30
3.5.1 Fv. 402 Lurevegen	31
3.5.2 Fv. 401 Seimstranda	31
3.5.3 Fv. 390 Vassbygdvegen	32
3.6 Kløvheim skule	34
3.6.1 Fv. 397 Mykingvegen	35
3.6.2 Kv 92	35
3.6.3 Kv 1169 Reikeråsvegen	36
3.7 Myking skule	38
3.7.1 Fv. 397 Mykingvegen (nord)	39

3.7.2	Fv. 397 Mykingvegen (sør)	39
3.8	Fv. 399 Skauvegen	40
3.9	Skodvin Montessoriskule	42
3.9.1	Fv. 57 Lindåsvegen	43
3.9.2	Fv. 390 Vassbygdvegen	43
3.10	Lindås barneskule og Lindås ungdomsskule	45
3.10.1	Fv. 415 Veråsvegen	45
3.10.2	Fv. 57 Mongstadvegen	46
3.11	Kaland barne- og ungdomsskule	48
<b>4</b>	<b>Tiltaksplan</b>	<b>49</b>
<b>5</b>	<b>Born sine føresetnadar i trafikken</b>	<b>53</b>
5.1	Elevar på 1. trinn	53
5.2	Elevar på 2. og 3. trinn	53
5.3	Elevar på 4. og 5. trinn	53
5.4	Elevar på 6. og 7. trinn	53
5.5	Elevar på 8. til 10. trinn:	54
<b>6</b>	<b>Klimatiske tilhøve</b>	<b>55</b>
<b>7</b>	<b>Haldningsskapande arbeid</b>	<b>56</b>
7.1	Kommunen / skulen sitt ansvar	56
7.2	Foreldra sitt ansvar	56

# 1 Innleiing

Opplæringslova kapittel 7 omhandlar elevar sin rett til skuleskyss. Skyssgrensa er 2 km for elevar på 1.trinn og 4 km for elevar på 2.-10. trinn. I tillegg har elevane rett på skyss dersom skulevegen er særleg farleg eller vanskeleg.

Det er mange av vegane i kommunen som er farlege skuleveggar. Denne analysen rettar seg mot strekningar som er særleg farlege eller vanskelege. Utdanningsdirektoratet (Udir-3-2009) presiserer at elevar som ferdast i trafikken alltid vil vera utsatt for ein viss fare og vilkåret «særleg farleg» i §7-1 må forståast som ei fare utanom det vanlege.

Denne analyserapporten skal vere eit hjelpemiddel i vurderinga av fri skuleskyss på grunnlag av særleg farlege eller vanskelege skuleveg. Dei markerte strekningane gir i utgangspunktet ikkje automatisk rett til fri skuleskyss, men det er eit hjelpemiddel for dei som handsamar søknadane og fattar vedtaket.

Strekningar/ punkt som er vurdert som særleg farleg/ vanskeleg i rapporten, er vurdert for alle grunnskuleelvar innanfor 4 km grensa. Ulike føresetnader samt alder på elevane vil kunne bety at det er fleire strekningar/ punkt enn det som er vist i rapporten som kan vurderast som særleg farleg / vanskeleg skuleveg for einskilde elevar.

Resultatet som er vist i rapporten er basert på fleire kriteria, blant anna:

- Om det er fortau på strekninga
- Kva fartsgrensa er
- Kva trafikkmengda (ÅDT) er
- Vegbreidd. Om denne er over eller under 4 meter
- Om det lys

Det er også vurdert breidde på skulder, sikt og sikthindringar, type og tal på vegkryss, inn- og utkøyringar, kryssing av veg, om det er gangfelt og vegtilhøve om vinteren.

Resultatet som er presentert i rapporten er basert på dagens vegtilstand. Dersom det vert gjort utbetringar og tiltak på aktuelle strekningar må det gjerast ei ny vurdering av desse for eventuelt å fjerne markeringa som særleg farleg skuleveg.

## 2 Metode og analyse

Utdanningsdirektoratet (Udir-3-2009) presiserer at elevar som ferdast i trafikken alltid vil vera utsatt for ei viss fare og vilkåret «særleg farleg» i §7-1 må forståast som ein fare utanom det vanlege.


Metoden som har vore nytta i arbeidet har vore GIS-analysar som utgangspunkt for utval av strekningar. Deretter er det nytta 360 foto for visuell sjekk av utvalte punkt og strekningar. Dette har vore grunnlag for forslag lagt fram i møter med kommunen. Det har vore fleire møter og felles synfaringar i samarbeid med kommunen.

### 2.1 GIS-analysar

For kvar skulekrins er det laga kart som viser omriss av strekningar som er innafør 4 km grensa. På desse karta er det lagt på verdiar som viser

- Om det er fortau / gs-veg på strekninga
- Kva fartsgrensa er
- Kva trafikkmengda (ÅDT) er
- Vegbreidd. Om denne er over eller under 4 meter
- Om det lys
- Ulykker

Nokre eksempel er vist i figur under.



Figur 1: Kart som viser fartsgrense på vegane i Lindås skulekrins





Figur 2: Vegbreidd (over og under 4m) på vegane i Seim skulekrins


Vegar utan fortau eller gang- og sykkelveg og som har vegbreidd under 4 m, høg fartsgrense og mykje trafikk har særlege grunnar til å undersøkjast vidare. Særleg der alle eller fleire kombinasjonar av desse parametrane slår inn.

## 2.2 360 foto

Verktøyet «360 foto» har vore nytta i stor grad i arbeidet. Dette er 360 bilete av alle vegane innanfor 4 km grensa for kvar skulekrets. Ved å «køyre» strekningane på 360 foto får ein eit visuelt inntrykk av sikttilhøve og sideareal. Her kan ein også sette på pause, og snu biletet rundt 360 grader. Særleg sikt i kurver, og grøftebreidd er viktig å få sjekka ut. Verktøyet er eit fint supplement til synfaring.

## 2.3 Innspel til trafikksikringsplanen

Innkome innspel til trafikksikringsplanen er også nytta i arbeidet. Alle innspel er kartfesta og plotta inn på skulekrinskart. Her ser ein særleg etter opphopingar av innspel på same stad.




Figur 3: Eksempel på kartfesta innspel til trafikksikringsplanen i skulekrinsen til Knarvik (B og U), Alversund og Norhord. K Grunnskole

### 3 Særleg farlege skuleveggar

Etter GIS analyse, synfaringar og møter med kommunen har ein kome fram til fylgjande resultat der markerte strekningar er vurdert som særleg farleg eller vanskeleg. Det er i denne vurderinga ikkje tatt omsyn til om vegen er særleg farleg for berre dei yngste skuleelevane eller om vegen berre er farleg for eksempel om vinteren. Strekningar som er vurdert som særleg farlege eller vanskelege er vist i kart og begrunna i kapitla under. Det er også markert strekningar som ikkje er aktuelle som skuleveg.

#### 3.1 Skular i Lindås vest – Knarvik barneskule, Knarvik ungdomsskule, Alversund skule og Nordhordland Kristeleg grunnskule

Innafor krinsen til desse skulane er det del av Fv. 565 Radøyvegen og Fv. 404 Skarsvegen som er vurdert som særleg farleg / vanskeleg skuleveg. Desse vegane er berre innanfor skulekrinsen til Alversund skule og Nordhordland Kristeleg grunnskule. Innafor skulekrinsen til Knarvik barneskule og Knarvik ungdomsskule er det ikkje vurdert nokre strekningar som er særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.



Figur 4: Særleg farleg/vanskeleg skuleveg i skulekrins til Alversund barneskule og Nordhordland Kristeleg grunnskule.

### 3.1.1 Fv. 565 Radøyvegen

Er det fortau på strekninga: Nei

Fartsgrense: 50 km/t

ÅDT: 6200

Vegbreidd: Over 4 meter, utan gulstripe. I NVDB er kjørebanebreidda registrert mellom 6-6,7 meter.

Belysning: Ja

Vegen er markert som særleg farleg/ vanskeleg fordi det er mykje trafikk på strekninga, og liten plass utanfor asfalten. I tillegg er det kurve med dårleg sikt. Det er ingen alternativ veg å gå for skuleelevar. Som ein kan sjå på bilete under, er det betongkant på eine sida og mur opp mot eigedommar på andre sida.



Bilete 1: Smalt, og dårleg sikt i kurve på Fv. 565 Radøyvegen

#### Forslag til tiltak:

Ved å byggje fortau på strekninga, vil ein kunne fjerne markeringa «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg».

### 3.1.2 Fv. 404 Skarsvegen

Er det fortau på strekninga: Nei (det er fortau fram til Kvamme)

Fartsgrense: 50 km/t

ÅDT: 1300

Vegbreidd: Under 4 meter (I NVDB står det 4,3m på dekkebreidd)

Belysning: Ja, delvis

Vegen er markert som særleg farleg/ vanskeleg fordi det er fleire avkjørsler på strekninga med dårleg sikt og bratt fall ned mot fylkesvegen. Det er smal vegbane med låg murkant på eine sida og mest ingen skulder på innsida. I tillegg er det liten/ ingen plass til mjuke trafikantar utanfor kvitstripa på vegen. Det er fleire kurver med svært dårleg sikt. Sjå bilete frå strekninga under.



Bilete 2: Bilete frå vegstrekninga Fv. 404 Skarsvegen

**Forslag til tiltak:**

Ved å byggje fortau (eller gang- og sykkelveg) på strekninga, vil ein kunne fjerne markeringa «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg».

### 3.2 Leknes skule



Figur 5: Særleg farleg / vanskeleg strekning på skulevegar i Leknes skulekrins

### 3.2.1 Fv. 391 Leknesvegen

Er det fortau på strekninga: Nei


Fartsgrense: 50 km/t

ÅDT: 300

Vegbreidd: Parti på strekningen med breidd under 4 meter

Belysning: Ja

Deler av strekninga er markert som særleg farleg/ vanskeleg fordi den har krapp kurvatur med svært dårleg sikt. Fleire av desse partia har også smal vegbane, der det er liten eller ingen plass på utsida av kvitstripa. Bileta under viser låg murkant på eine sida og fjellside på andre sida. Nokre av fjellskjeringane er høge, og det kan vere problem med ising ned i vegbana vinterstid.



Bilete 3: Bilete frå strekninga Fv. 391 Leknesvegen



Bilete 4: Bilete frå strekninga Fv. 391 Leknesvegen

#### Forslag til tiltak:

Ved å byggje fortau eller aller helst gang- og sykkelveg på strekninga, vil ein kunne fjerne markeringa «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg».

### 3.2.2 E39 ved Munndal

Er det fortau på strekninga: Nei

Fartsgrense: 80 km/t


ÅDT: 6500

Vegbreidd: 2-feltsveg (over 4 meter)

Belysning: Ja

Nokre bustadhus på nedsida av Europavegen ved Munndal har berre tilkomst til skulen via E39. Det er ikkje gang- og sykkelveg langs denne strekninga på E39. Høg fart og mykje trafikk gjer at strekninga er markert som særleg farleg/vanskeleg skuleveg.





Bilete 5: Bilete frå E39 ved Munndal

#### Forslag til tiltak:

Ved å byggje gang- og sykkelveg på nedsida av vegen, vil ein kunne fjerne markeringa «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg».

### 3.2.3 Kv 1218 Sauvågen – Hjelmås

Er det fortau på strekninga: Nei

Fartsgrense: 50 og 80 km/t

ÅDT: ukjent

Vegbreidd: Store deler av strekninga under 4 meter

Belysning: Nei

Smal veg med 50 og 80 km/t. Typisk på strekninga er fjellskjering på eine sida og låg murkant på andre sida. Det er altså lite areal å bevege seg på utanfor vegskulder. Fleire krappe kurver med svært dårlig sikt. Dette er skuleveg for elevar som bur utanfor 4 km grensa og som tek buss til skulen. Dei må gå ned til Hjelmås kai.




Bilete 6: Bilete frå Kv 1218 Sauvågen - Hjelmås

#### Forslag til tiltak:

Ved å byggje fortau/ gang- og sykkelveg langs vegen, vil ein kunne fjerne markeringa «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg».

### 3.3 Eikanger skule




Figur 6: Særleg farleg / vanskeleg strekningar på skuleveggar i Eikanger skulekrins

### 3.3.1 Kv 1110 Fyllingsnesvegen

Er det fortau på strekninga: Nei  
Fartsgrense: 50 km/t  
ÅDT: Ukjent  
Vegbreidd: Under 4 meter  
Belysning: Ja

Delar av vegen er markert som særleg farleg/ vanskeleg fordi strekninga er svært smal og har mange krappe kurver utan sikt. Det er lite eller ingen sideareal for mjuke trafikantar utanfor kvitstripa. Det er også mange avkøyrslar på strekninga.



Bilete 7: Bilete frå Kv 1110 Fyllingsnesvegen



Bilete 8: Bilete frå Kv 1110 Fyllingsnesvegen

#### Forslag til tiltak:

Det ideelle hadde sjølvsagt vore fortau eller gang- og sykkelveg på heile strekninga. Då hadde sikten også vorte betre. Men det er truleg lågt fartsnivå på strekninga, samt mest lokaltrafikk, så utviding av grøfter og punktvis rydding for sikt ville truleg kunne ha fjerna markeringa særleg farleg/ vanskeleg skuleveg. Det hadde hjulpet å fjerne vegetasjon i fleire kurver, men nokre stader må det sprengast for å oppnå betre sikt.


### 3.3.2 Punkt på Kv 1110 Fyllingsnesvegen nord

Er det fortau på strekninga: Nei  
Fartsgrense: 50 km/t  
ÅDT: Ukjent  
Vegbreidd: Under 4 meter  
Belysning: Ja

Partiet er vurdert som særleg farleg/ vanskeleg skuleveg. Krapp kurve ved brua. Dårleg sikt. Stigning opp og rundt liten fjellknatt utan sikt. Bratt på nedsida av vegen og ikkje grøft på innsida av vegen.



Bilete 9: Bilete frå Kv1110 Fyllingsnesvegen



Bilete 10: Bilete frå Kv1110 Fyllingsnesvegen

**Forslag til tiltak:**

Brua er under arbeid i desse dagar og vil bli utbetra. Dersom ein sprenger vekk litt av knausen for å oppnå sikt (til høgre på bilete over) vil punktet truleg ikkje lenger vere vurdert som særleg farleg/vanskeleg skuleveg.

### 3.3.3 E39 Osterfjordvegen

Er det fortau/ gang og sykkelveg på strekninga: Delvis  
Fartsgrense: 80 km/t  
ÅDT: 5200  
Vegbreidd: Over 4 meter  
Belysning: Ja

Europaveg med 80 km/t og mykje trafikk. Delvis gang- og sykkelveg på strekninga, men ikkje tilrettelagt god kryssing av europavegen, difor er denne strekninga markert som særleg farleg / vanskeleg skuleveg.



Bilete 11: E39 Osterfjordvegen


#### Forslag til tiltak:

Langsgåande gang- og sykkelveg samt tilrettelagt planfri kryssing.

### 3.3.4 Fv. 393 Eidsnesvegen ved Eidsnesstraumen

Er det fortau/ gang og sykkelveg på strekninga: Nei  
Fartsgrense: 50 km/t  
ÅDT: 300  
Vegbreidd: Under 4 meter  
Belysning: Delvis

Partiet er vurdert som særleg farleg/vanskeleg skuleveg. Det er dårleg sikra for alle trafikantar over Eidsnesstraumen. Smal vegbreidd og låg murkant. Like ved brua er det kurve med dårleg sikt.



Bilete 12: Bilete frå Eidsnesstraumen



Bilete 13: Bilete frå Eidsnesstraumen

**Forslag til tiltak:**

Utvide brua og sikring med rekkverk. I tillegg siktutbetre kurva ved å sprengje vekk knaus. Dette vil kunne fjerne markeringa «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg».



### 3.4 Ostereidet skular




Figur 7: Særleg farleg / vanskeleg skuleveggar i Osteriedet skulekrins

### 3.4.1 Fv. 393 Eidavegen

Er det fortau på strekninga: Nei  
Fartsgrense: 80 km/t  
ÅDT: 350  
Vegbreidd: Under 4 meter  
Belysning: Nei (kun eit og anna punkt)

Vegen er vurdert som særleg farleg/ vanskeleg då det er fleire parti med dårleg sikt og høg fartsgrense. Det er ikkje utført fartsmålingar på strekninga. Det er også smalt / ingen plass utanfor asfalten.




Bilete 14: Bilete frå Fv.393 Eidavegen

#### Forslag til tiltak:

Det ideelle ville vore gang- og sykkelveg på heile strekninga. Det er eit kostbart tiltak. Markeringa særleg farleg/ vanskeleg skuleveg vil kunne bli fjerna med etablering av skulder og grøft, samt ekstra utbetringar i kurver (sprenging) for sikt. Ein kan også vurdere fartsgrensa på strekninga.

### 3.4.2 Kv 1098 Eidavegen

Er det fortau på strekninga: Nei  
Fartsgrense: 30 km/t  
ÅDT: ukjent  
Vegbreidd: Under 4 meter  
Belysning: Nei, eit og anna punkt



Bilete 15: Bilete frå Kv 1098 Eidavegen



Bilete 16: Bilete frå Kv 1098 Eidavegen

Vegen er vurdert som særleg farleg / vanskeleg skuleveg då det er kurver med svært dårleg sikt. Det er også lite/ingen areal på utsida av asfaltkanten. Fartsnivået er truleg høgare enn fartsgrensa på 30.

Forslag til tiltak:


Vegen er nær skulen, og det ideelle ville vore fortau eller gang- og sykkelveg på strekninga. Markeringa særleg farleg/ vanskeleg skuleveg kan truleg også fjernast dersom det vert sprengt for sikt i dei to kurvene som er vist på bileta over, samt etablert grøfteprofil og skulder på strekninga.

### 3.4.3 Fv. 394 Stranda

Er det fortau på strekninga: Nei  
Fartsgrense: 50 km/t  
ÅDT: 500  
Vegbreidd: Delvis under 4 meter  
Belysning: Nei



Bilete 17: Bilete frå Fv. 394 Stranda




Bilete 18: Bilete frå Fv. 395 Stranda

Fv. 394 Stranda, ved Kvommo er delvis svært smal og har lite (ingen) sikt i enkelte kurver. Det er også liten/ inga grøft og vinterstid isblokker nedover fjellskjeringane (som også går delvis ut i vegen). På motsatt side er det fleire stader låg murkant og høgt ned i bakkant av denne.

#### Forslag til tiltak:

Sprenging for sikt og grøfteareal i enkelte kurver (dei fleste vist på bilete 11 over), generelt utviding av vegen slik at det også blir noko plass utanfor kvitstripe. Låg murkant må erstattast med godkjent rekkverk. Særleg på desse partia bør vegen utvidast til fullgod tofelts veg med skulder. Med desse tiltaka vil markeringa med særleg/ farleg skuleveg verta fjerna.

### 3.5 Seim skule



Figur 8: Særleg farleg / vanskeleg skuleveggar i Seim skulekrins

### 3.5.1 Fv. 402 Lurevegen


Er det fortau på strekninga: Nei

Fartsgrense: 80 km/t

ÅDT: 1000

Vegbreidd: Varierende breidd, strekningar både over og under 4 meter.

Belysning: Nei



Bilete 19: Bilete frå Fv. 402 Lurevegen

Strekninga er markert særleg farleg / vanskeleg då fartsgrensa er 80 km/t og det er ingen tilbod til mjuke trafikantar. Enkelte kurver har svært dårleg sikt, og vegen er stadvis smal med liten/ingen plass utanfor kvitstripa.

#### Forslag til tiltak:

Langsgående gang- og sykkelveg er det beste tiltaket når fartsgrensa er 80 km/t. Det kunne vert utført fartsmålingar for å sjekke det faktiske fartsnivået på strekninga. Elles er det nødvendig med siktutbetringar i dei krappaste kurvene, samt breiddeutviding av vegen slik at det er plass på utsida av asfalten.

### 3.5.2 Fv. 401 Seimstranda


Er det fortau på strekninga: Nei

Fartsgrense: 50 km/t

ÅDT: 700

Vegbreidd: Under 4 meter.

Belysning: Delvis



Bilete 20: Bilete frå Fv. 401 Seimstranda

Strekninga er markert særleg farleg / vanskeleg då vegen er svært smal, det er høge fjellskjeringar på eine sida og stup ned på andre sida. Det er ingen plass for mjuke trafikantar. I tillegg er det kurver med dårleg sikt, og det ligg is ut i vegbana vinterstid.

#### Forslag til tiltak:

Etablere fortau eller gang- og sykkelveg er det beste tiltaket på strekninga. Vegen kunne også med fordel ha utvidast, samt rydding/ sprenging for sikt i kurver.

### 3.5.3 Fv. 390 Vassbygdvegen

Er det fortau på strekninga: Nei  
Fartsgrense: 80 km/t  
ÅDT: 250  
Vegbreidd: Over 4m  
Belysning: Nei






Bilete 21: Bilete frå Fv. 390 Vassbygdvegen

Strekninga er vurdert som særleg farleg / vanskelege skuleveg då strekninga har fartsgrense 80 km/t, det er ingen tilbod til mjuke trafikantar og det er fleire krappe kurver utan sikt. Fleire parti har fjellskjering på eine sida og rekkverk / låg murkant mot skråning/stup på motsatt side.

#### Forslag til tiltak:

Gang- og sykkelveg på heile strekninga. Dette vil også betre siktilhøva i kurvene. Kun siktutbetring i kurvene er truleg ikkje nok til å fjerne vurderinga som særleg farleg / vanskeleg skuleveg.


### 3.6 Kløvheim skule



Figur 9: Særleg farleg / vanskeleg skuleveggar i Kløvheim skulekrins

### 3.6.1 Fv. 397 Mykingvegen

Er det fortau på strekninga: Nei  
Fartsgrense: 80 km/t  
ÅDT: 450  
Vegbreidd: Over 4m  
Belysning: Delvis, stort sett utan belysning



Bilete 22: Bilete frå Fv. 397 Mykingvegen


Nokre parti med dårleg sikt. Høg fartsgrense 80 km/t, og nokre smale parti med liten plass utanfor asfalten.

#### Forslag til tiltak:

Gang- og sykkelveg vil truleg kunne fjerne markeringa som særleg farleg / vanskeleg skuleveg.

### 3.6.2 Kv 92

Er det fortau på strekninga: Nei  
Fartsgrense: 50 km/t  
ÅDT: ukjent  
Vegbreidd: Under 4m  
Belysning: Nei



Bilete 23: Bilete frå Kv 92

Det er svært dårleg sikt rundt kurva vist i biletet over. Her er det mange skuleborn som går.

Forslag til tiltak:

Punktet vil kunne få fjerna markeringa særleg farleg / vanskeleg skuleveg dersom knausen vert sprengt vekk slik at ein oppnår tilfredsstillande sikt i punktet.

### 3.6.3 Kv 1169 Reikeråsvegen

Er det fortau på strekninga: Nei

Fartsgrense: 50 km/t

ÅDT: ukjent

Vegbreidd: Under 4m

Belysning: Nei



Bilete 24: Bilete frå Kv 1196 Reikeråsvegen.

Vegen er smal og har punkt med svært dårleg sikt. Fjellskjering på eine sida og låg murkant med fleire meters høgde ned på andre sida.

#### Forslag til tiltak:

Fortau på strekninga ville kunne fjerna markeringa særleg farleg / vanskeleg skuleveg. Då ville også sikten på strekninga vorte betydeleg betre. Dette er det beste tiltaket. Markeringa kunne truleg også blitt fjerna med breiddeutviding av vegen samt etablering av grøfter (dette ville også gitt noko betre siktilhøve).


### 3.7 Myking skule



Figur 10: Særleg farleg / vanskeleg skulevegar i Myking skulekrins

### 3.7.1 Fv. 397 Mykingvegen (nord)

Er det fortau på strekninga: Nei  
Fartsgrense: 80 km/t  
ÅDT: 300  
Vegbreidd: Over 4m  
Belysning: Nei



Bilete 25: Bilete frå Fv. 397 Mykingvegen (nord)

Vegen er markert som særleg farleg / vanskeleg skuleveg då det er fartsgrense 80 km/t og ingen tilbod til mjuke trafikantar. Det er også parti sør på strekninga med dårleg sikt og svært liten/ingen plass utanfor vegskulder.

#### Forslag til tiltak:

Ideelt sett er det ynskeleg med samanhengande gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Dette ville truleg ha fjerna markeringa særleg farleg / vanskeleg skuleveg.

### 3.7.2 Fv. 397 Mykingvegen (sør)

Er det fortau på strekninga: Nei  
Fartsgrense: 80 km/t  
ÅDT: 450  
Vegbreidd: Over 4m  
Belysning: Nei



Bilete 26: Bilete frå Fv. 397 Mykingvegen (sør)

Vegen har 80 km/t som fartsgrense og det er ingen tilbod til mjuke trafikantar. Strekninga har enkelte kurver med redusert sikt, og nokre stader er det liten plass på utsida av asfalten.

#### Forslag til tiltak:

Ideelt sett er det ynskeleg med samanhengande gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Dette ville truleg ha fjerna markeringa særleg farleg / vanskeleg skuleveg.

### 3.8 Fv. 399 Skauvegen

Er det fortau på strekninga: Nei

Fartsgrense: 80 km/t

ÅDT: 320

Vegbreidd: Over 4m

Belysning: Nei





Bilete 27: Bilete frå Fv. 399 Skauvegen



Bilete 28: Bilete frå kryssing av Storelva på Fv. 399 Skauvegen

Vegen har 80 km/t som fartsgrense og det er ingen tilbod til mjuke trafikantar. Nokre kurver med svært dårleg sikt. Enkelte parti med smal veg. Låg murkant over Storelva.

Forslag til tiltak:

Ideelt sett er det ynskeleg med samanhengande gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Dette ville truleg ha fjerna markeringa særleg farleg / vanskeleg skuleveg.

### 3.9 Skodvin Montessoriskule



Figur 11: Særleg farleg / vanskeleg skulevegar i Skodvin skulekrins

### 3.9.1 Fv. 57 Lindåsvegen

Er det fortau på strekninga: Nei  
Fartsgrense: 80 km/t  
ÅDT: 4200-4400  
Vegbreidd: Over 4m – fullgod tofeltsveg  
Belysning: Nei



Bilete 29: Bilete frå Fv. 57 Lindåsvegen

Tre strekningar på Fv. 57 er markert på kartet over. Alle tre strekningane har fartsgrense 80 km/t og høge trafikktal. Dei delar av fylkesvegen som ikkje er markert, har tilbod til mjuke trafikantar.

#### Forslag til tiltak:

Samanhengande gang- og sykkelveg langs fylkesvegen kunne truleg ha fjerna markeringa særleg farleg / vanskeleg skuleveg.

### 3.9.2 Fv. 390 Vassbygdvegen

Er det fortau på strekninga: Nei  
Fartsgrense: 80 km/t  
ÅDT: 200  
Vegbreidd: Over 4m (og stadvis under 4m)  
Belysning: Delvis




Bilete 30: Bilete frå Fv.390 Vassbygdvegen

Vegen er stadvis smal og har krappe kurver med redusert sikt. Som vist på bilete over er det parti med høge fjellskjeringar på eine sida og murkant på andre sida. Her er ingen plass for mjuke trafikantar.

#### Forslag til tiltak:

Ideelt sett hadde det vore best med gang- og sykkelveg på heile strekninga då det er 80 km/t. Dette vil også verke positivt inn for betre sikt på strekninga, og særleg i kurvene.


### 3.10 Lindås barneskule og Lindås ungdomsskule



Figur 12: Særleg farleg / vanskeleg skuleveggar i Lindås skulekrins

#### 3.10.1 Fv. 415 Veråsvegen

Er det fortau på strekninga: Nei  
 Fartsgrense: 80 km/t  
 ÅDT: 600  
 Vegbreidd: For det meste under 4m  
 Belysning: Nei



Bilete 31: Bilete frå Fv.415 Veråsvegen


Smal veg og nokre kurver med redusert sikt. Særleg partiet vist på bilete over er vanskeleg med fjellskjering på innsida og murkant på utsida. Her er ingen plass for mjuke trafikantar.

#### Forslag til tiltak:

Ideelt sett hadde det vore best med gang- og sykkelveg på heile strekninga då det er 80 km/t. Dette vil også verke positivt inn for betre sikt på strekninga, og særleg i kurvene.

### 3.10.2 Fv. 57 Mongstadvegen

Er det fortau på strekninga: Nei  
Fartsgrense: 70 km/t  
ÅDT: 4000  
Vegbreidd: Over 4m  
Belysning: Nei



Bilete 32: Bilete frå Fv. 57 Mongstadvegen

Det er stor trafikkmengde og høg fart på strekninga. Dei som bur nord for Kolåsfeltet har ikkje alternativ veg enn fylkesvegen.

Forslag til tiltak:

Langsgående gang- og sykkelveg.

### 3.11 Kaland barne- og ungdomsskule



Figur 13: Kaland barne- og ungdomsskule

Ingen av strekningane er vurdert å vere særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.



## 4 Tiltaksplan

Tabell 1: Oversikt over tiltak fordelt på strekningar vurdert som særleg farleg/ vanskeleg

Skulekrins	Vegnamn og nummer	Tiltak
Skular i Lindås Vest	Del av Fv. 565 Radøyvegen	Ved å byggje fortau på strekninga, vil ein kunne fjerne markeringa «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg»
	Del av Fv. 404 Skarsvegen	Ved å byggje fortau (eller gang- og sykkelveg) på strekninga, vil ein kunne fjerne markeringa «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg».
Leknes	Del av Fv. 391 Leknesvegen	Ved å byggje fortau eller aller helst gang- og sykkelveg på strekninga, vil ein kunne fjerne markeringa «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg».
	Del av E39 ved Munndal	Ved å byggje gang- og sykkelveg på nedsida av vegen, vil ein kunne fjerne markeringa «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg».
	Kv 1218 Hjelmås – Sauvågen	Ved å bygge fortau /gang- og sykkelveg vil ein kunne fjerne markeringa «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg».
Eikanger	Del av Kv 1110 Fyllingsnesvegen	Det ideelle hadde sjølv sagt vore fortau eller gang- og sykkelveg på heile strekninga. Då hadde sikten også vorte betre. Men det er truleg lågt fartsnivå på strekninga, samt mest lokaltrafikk, så utviding av grøfter og punktvis rydding for sikt ville truleg kunne ha fjerna markeringa særleg farleg/ vanskeleg skuleveg. Det hadde hjulpet å fjerne vegetasjon i fleire kurver, men nokre stader må det sprengast for å oppnå betre sikt.
	Punkt på Kv 1110 Fyllingsnesvegen nord	Brua er under arbeid i desse dagar og vil bli utbetra. Dersom ein sprenger vekk litt av knausen for å oppnå sikt (til høgre på bilete over) vil punktet truleg ikkje lenger vere vurdert som særleg farleg/ vanskeleg skuleveg.

Skulekrins	Vegnamn og nummer	Tiltak
	Del av E39 Osterfjordvegen	Langsgåande gang- og sykkelveg samt tilrettelagt planfri kryssing.
	Del av Fv. 393 Eidsnesvegen ved Eidsnesstraumen	Utvide brua og sikring med rekkverk. I tillegg siktutbetre i kurva ved å sprengje vekk knaus. Dette vil kunne fjerne markeringa «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg».
Ostereidet skular	Fv. 393 Eidavegen	Det ideelle ville vore gang- og sykkelveg på heile strekninga. Det er eit kostbart tiltak. Markeringa særleg farleg/ vanskeleg skuleveg vil bli fjerna med etablering av skulder og grøft, samt ekstra utbetringar i kurver (sprenging) for sikt. Ein kan også vurdere fartsgrensa på strekninga.
	Del av Kv. 1098 Eidavegen	Vegen er nær skulen, og det ideelle ville vore fortau eller gang- og sykkelveg på strekninga. Markeringa særleg farleg/ vanskeleg skuleveg kan truleg også fjernast dersom det vert sprengt for sikt i dei to kurvene som er vist på bilete over, samt etablert grøfteprofil og skulder på strekninga.
	Del av Fv. 394 Stranda	Fv. 394 Stranda, ved Kvommo er delvis svært smal og har lite (ingen) sikt i enkelte kurver. Det er også liten/ inga grøft og vinterstid isblokker nedover fjellskjeringane (som også går delvis ut i vegen). På motsatt side er det fleire stader låg murkant og høgt ned i bakkant av denne.
Seim skule	Del av Fv. 402 Lurevegen	Langsgåande gang- og sykkelveg er det beste tiltaket når fartsgrensa er 80 km/t. Det kunne vert utført fartsmålingar for å sjekke det faktiske fartsnivået på strekninga. Elles er det nødvendig med siktutbetringar i dei krappaste kurvene, samt breiddeutviding av vegen slik at det er plass på utsida av asfalten.

Skulekrins	Vegnamn og nummer	Tiltak
	Del av Fv. 401 Seimstranda	Etablere fortau eller gang- og sykkelveg er det beste tiltaket på strekninga. Vegen kunne også med fordel ha utvidast, samt rydding/ sprenging for sikt i kurver.
	Fv. 390 Vassbygdvegen	Gang- og sykkelveg på heile strekninga. Dette vil også betre siktilhøva i kurvene. Kun siktutbetring i kurvene er truleg ikkje nok til å fjerne vurderinga som særleg farleg / vanskeleg skuleveg.
Kløvheim skule	Del av Fv 397 Mykingvegen	Gang- og sykkelveg vil truleg kunne fjerne markeringa som særleg farleg / vanskeleg skuleveg.
	Punkt Kv 92	Punktet vil kunne få fjerna markeringa særleg farleg / vanskeleg skuleveg dersom knausen vert sprengt vekk slik at ein oppnår tilfredsstillande sikt i punktet.
	Del av Kv 1169 Reikeråsvegen	Fortau på strekninga ville kunne fjerna markeringa særleg farleg / vanskeleg skuleveg. Då ville også sikten på strekninga vorte betydeleg betre. Dette er det beste tiltaket. Markeringa kunne truleg også blitt fjerna med breiddeutviding av vegen samt etablering av grøfter (dette ville også gitt noko betre siktilhøve).
Myking skule	Del av Fv. 397 Mykingvegen (nord)	Ideelt sett er det ynskeleg med samanhengande gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Dette ville truleg ha fjerna markeringa særleg farleg / vanskeleg skuleveg.
	Del av Fv. 397 Mykingvegen (sør)	Ideelt sett er det ynskeleg med samanhengande gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Dette ville truleg ha fjerna markeringa særleg farleg / vanskeleg skuleveg.

Skulekrins	Vegnamn og nummer	Tiltak
	Del av Fv. 399 Skauvegen	Ideelt sett er det ynskeleg med samanhengande gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Dette ville truleg ha fjerna markeringa særleg farleg / vanskeleg skuleveg.
Skodvin montesorriskule	Delar av Fv. 57	Samanhengande gang- og sykkelveg langs fylkesvegen kunne truleg ha fjerna markeringa særleg farleg / vanskeleg skuleveg.
	Del av Fv.390 Vassbygdvegen	Ideelt sett hadde det vore best med gang- og sykkelveg på heile strekninga då det er 80 km/t. Dette vil også verke positivt inn for betre sikt på strekninga, og særleg i kurvane.
Lindås barneskule og Lindås ungdomsskule	Del av Fv. 415 Veråsvegen	Ideelt sett hadde det vore best med gang- og sykkelveg på heile strekninga då det er 80 km/t. Dette vil også verke positivt inn for betre sikt på strekninga, og særleg i kurvane.
	Del av Fv. 57 Mongstadvegen	Langsgåande gang- og sykkelveg.

## 5 Born sine føresetnadar i trafikken

Om ein veg er særleg farleg eller vanskeleg, heng nøye saman med forutsetjingar og modning hjå det einskilde born. Det som er særleg farleg for ein 6-åring er ikkje nødvendigvis like farleg for 10-åringen eller 15-åringen. Trafikkferdigheitane er heilt avhengig av relevant trening og opplæring. Det er også store individuelle skilnader mellom born på same aldersnivå. Teksten i dette kapitelet er henta frå Trygg Trafikk sin rettleiar «Særleg farlege eller vanskelege skuleveggar».

### 5.1 Elevar på 1. trinn

Borna er som regel i trafikken saman med vaksne og har difor liten erfaring som sjølvstendige trafikantar. Kjenneteikn på elevar i 1.trinn:

- Liten trafikanterfaring
- Små av vekst og gjer det vanskeleg for dei å sjå og å bli sett
- Ser detaljar, men oppfattar ikkje alltid samanhengar
- Har vanskar med å forstå det dei ser og høyrer i trafikken
- Klarar ikkje å bedømme avstand og fart til bilar som nærmar seg
- Forstår ikkje at bilar kan dukke opp når dei sjølv ikkje ser dei
- Fylgjer reglar ukritisk

### 5.2 Elevar på 2. og 3. trinn

Kjenneteikn på elevar i 2. og 3. trinn

- Meir kroppskontroll, men framleis leikande og impulse
- Tenkjer konkret og treng konkret rettleiing
- Har vanskar med å ta andre sitt perspektiv
- Framleis opptatt av reglar

### 5.3 Elevar på 4. og 5. trinn

Elevar på dette nivået byrjar å få erfaring som sjølvstendige trafikantar. Kjenneteikn på elevar i 4. og 5. trinn:

- Har trafikanterfaring frå eige nærmiljø
- Ikkje lenger like regelbundne, reglar vert tilpassa eller droppa
- Stiller meir spørsmål og aksepterer ikkje ukritisk vaksne sine pålegg og tilrådingar
- Meir sjølvstendige
- Byrjar å relatere seg meir til jamnaldrane

### 5.4 Elevar på 6. og 7. trinn

Kjenneteikn på elevar i 6. og 7.trinn:

- Kan overføre erfaringar frå ein situasjon til ein annan
- Kan generalisere kunnskap
- Kan forutsjå situasjonar, forstår at bilar kan kome sjølv om ein ikkje ser dei
- Har stor tru på eigne ferdigheiter

- Har evne til å ta andre sitt perspektiv
- Forstår betre konsekvensar av handlingar

### **5.5 Elevar på 8. til 10. trinn:**

Elevar på ungdomstrinnet er mykje i trafikken på eiga hand. Kjenneteikn på elevar i 8. – 10. trinn:

- Har trafikkerfaring og ein god del trafikkunnskap
- Kan konsentrere seg
- Mangelfull risikoforståing
- Testar grenser
- Stor tru på eigne ferdigheiter og usårbarhet.

## 6 Klimatiske tilhøve

Det er i rapporten ikkje tatt omsyn til om skulevegen berre er særleg farleg for eksempel om vinteren. Men det er klart at nokre parti kan være særskilt vanskelege om vinteren. Der det er stor stigning eller stort fall på vegen kan det vere særskilt farleg om vinteren dersom det i tillegg er problem med ising i vegbana her. Ved kryssing av elv kan det vere større fare for ising på vegbana. Snømengde kan også vere eit problem. Der det er trong for større snølagringsplass langs vegen vert det mindre areal tilgjengeleg for mjuke trafikantar som ferdast langs vegen.

## 7 Haldningsskapande arbeid

For at elevar og andre skal ferdast trygt i trafikken og på skulevegen, krevjast det god og systematisk trafikkopplæring og trening. Det vert stilt krav til både kommunen (skulen) og foreldre. Når det vert godkjend skyss for dei fyrste skuleåra, bør det presiserast at både foreldre og skulen må trene med elevane på dei aktuelle utfordringane i trafikken, slik at elevane er i stand til å mestre desse når skyssen bortkjem. Mykje av teksten i dette kapitlet er henta frå Trygg Trafikk sin rettleiar «Særleg farlege eller vanskelege skuleveggar».

### 7.1 Kommunen / skulen sitt ansvar

Kommunen skal ivarta sitt ansvar for elevane sin tryggleik på skulevegen gjennom skulen si trafikkopplæring og gjennom internkontrollsystemet i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar. Kunnskapsløftet krev at skulen gjennomfører ei trafikkopplæring med kontinuitet og progresjon gjennom heile grunnopplæringa. Internkontrollsystemet bør innehalde rutinar som ivaretek elevane sin sikkerhet i høve til trafikk.

### 7.2 Foreldra sitt ansvar

Foreldra har hovudansvaret for trafikkopplæringa av egne born. Det er viktig at foreldra går den aktuelle skulevegen saman med borna og gjer korrekte val av kryssingspunkt, og lærer borna kva dei skal sjå og høyre etter og korleis dei skal oppføre seg når dei går langs vegen. Der borna har skuleskyss må opplæringa også omfatte korleis ein oppfører seg på haldeplass og i buss eller drosje. Dersom det vert godkjent skyss for ei avgrensa periode, er det viktig at foreldra samtidig trener mykje med borna, slik at dei er i stand til å ferdast på eiga hand når skyssen fell bort.

Foreldre er borna sine viktigaste rollemodellar og det vert stilt krav til deira eigen oppførsel i trafikken. Forventar ein at born skal opptre riktig i trafikken, må dei vaksne vere gode eksempel.